

«Denne boka!»: Oppbygging av ei fast formidlingsgruppe ved fire
bibliotek i Nordhordland
Osterøy bibliotek
Alle folkebibliotek

Søknad: Aktiv formidling
2021
Levert: 10.11.2020
09:59:15
Søknadssum: 300 000

Søkar

Institusjonsopplysningar

Kommunenamn	Osterøy kommune
Institusjonsnamn	Osterøy bibliotek
Kontonummer	36335498164
Leiar av institusjonen	
Førenamn	Henrik
Etternamn	Carlsen
Telefon	56 192 601
E-post	henrik.carlsen@osteroy.kommune

Er leiar av institusjonen kontaktperson for Ja
tiltaket?

Tiltak

Beskriv tiltaket

Namn på tiltaket	"Denne boka!": Oppbygging av ei fast formidlingsgruppe ved fire bibliotek i Nordhordland
------------------	---

Mål for tiltaket

1. Auke utlånet ved biblioteka og auke kjennskapen til litteratur og relevante bibliotektenester ved direkte formidling av litteratur utanfor biblioteklokala og digital formidling.
Effekten av tiltaka vil bli målt ved å sjå på statistikk over aktive lånarar, nye lånarar, utlån av formidla materiale.
2. Utvikle kompetanse i formidling gjennom praksis.
Utvikle samarbeidet mellom biblioteka ved å opprette ei fast formidlingsgruppe som vil formidle litteratur på tvers av kommunegrensar.
Effekten av tiltaket vil bli målt på talet på gjennomførte formidlingsarrangement.
3. Skape eit interkommunalt samarbeidsforum for formidling som skal halde fram i ordinær drift etter prosjektperioden.

Beskriving av tiltaket

Kvar for seg har ikkje biblioteka nok personalressursar til å utvikle formidlingstiltak utanfor bibliotekrommet. Vi ønskjer å skape rom for meir formidling gjennom å etablere ei formidlingsgruppe med representantar frå alle kommunane. Gruppa vil bestå av åtte bibliotekarar. Dei skal saman planleggja formidlingsarrangement som to og to arbeider vidare med og gjennomfører i alle kommunane. Gjennom felles planlegging, tilbakemelding og bearbeiding etter kvart gjennomførte arrangement, vil deltakarane få ei trygg ramme rundt kompetanseoppbygging og formidling.

Biblioteka formidlar mest litteratur til barn i leseslukealderen. Derfor ønskjer vi å nå ut til grupper blant ungdom og vaksne som vi til no har formidla lite til og som ikkje naudsynleg er faste gjestar på biblioteka. Det er naturleg å samarbeide med eventuelle ungdomsråd i kommunane for å finne fram til gode formidlingsplassar, til dømes ungdomsklubbar, sportsklubbar, osv. Tilsvarande vil vi samarbeide med kulturråd o.l. for å finne fram til aktuelle formidlingsarenaer for vaksne, til dømes i songkor, sogelag eller på arbeidsplassar. Tilsaman skal det gjennomførast fire ulike fysiske formidlingsarrangement utanfor biblioteket i kvar kommune. To retta mot ungdom, to retta mot vaksne, i alt 16 formidlingsoppdrag. To av deltakarkommunane har bokbuss.

Det er særleg to formidlingsformar vi vil prøve ut. Bibliotekarbesøk med bokprat, og popupbibliotek på stader der folk møtast. To av deltakarkommunane har bokbuss som kan nyttast som popupbibliotek på formidlingsplassane.

I tillegg skal det prøvast ut eit digitalt formidlingsopplegg til kvar av målgruppene. Eit døme kan vere oppretting av ein instagramkonto (nhung), der ein del av opplegget vert å involvere lokal ungdom.

Vi søker om midlar til frikjøp av personale til å utvikle og delta på formidlingstiltaka, tid til kompetanseutvikling og til å etablere ei fast formidlingsgruppe i Nordhordland.

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)?

Ja

Namn	Det er biblioteka i fire kommunar som skal samarbeide i dette prosjektet: Osterøy (8104 innbyggjarar), Alver kommune (29325 innbyggjarar), Fedje kommune (551 innbyggjarar) og Modalen kommune (391 innbyggjarar). Prosjektet vil søkje samarbeid med ulike lag og organisasjonar som ungdomsråd og kulturråd, for å nå ut til målgruppene for prosjektet.
Beskriv samarbeidet	Organisering: Prosjekteigar og prosjektleiar: Osterøy bibliotek Prosjektdeltakarar: Osterøy bibliotek, Alver bibliotek, Fedje bibliotek og Modalen bibliotek Ressursgruppe: Prosjektleiar, 1 representant frå biblioteka, 1 representant frå eitt av Ungdomsråda, 1 representant frå eitt av kulturråda.

Budsjett

Inntekter

Omsøkt beløp frå Nasjonalbiblioteket	300 000
Beskriving andre inntekter	Eigenutgifter
Beløp	106 600
Samla inntekter:	406 600

Utgifter

Beskriving andre utgifter	Frikjøp av personale til 6 samarbeidsmøter
Beløp	129 600
Beskriving andre utgifter	Frikjøp av personale til førebuing og gjennomføring av arrangement

«Denne boka!»: Oppbygging av ei fast formidlingsgruppe ved fire
bibliotek i Nordhordland
Osterøy bibliotek
Alle folkebibliotek

Søknad: Aktiv formidling
2021
Levert: 10.11.2020
09:59:15
Søknadssum: 300 000

Beløp	162 000
Beskriving andre utgifter	Utgifter til bokbuss transport og drift, mellom anna sjåførutgifter
Beløp	14 000
Beskriving andre utgifter	Frikjøp av personale til 12 nettmøter underveis i prosessen
Beløp	31 200
Beskriving andre utgifter	Frikjøp av personale til rapportskriving
Beløp	5 000
Beskriving andre utgifter	Frikjøp av personale til 3 møter til utveksling av erfaringer
Beløp	64 800
Samla utgifter:	406 600
Inntekter - utgifter	
	0